



Eit ord for dagen

Taler

Johan Egeberg Mellbye

Dato

7 februar 1925

Omstendigheter

Tale ved bygdemøta

- 1 I eit foredrag som eg heldt i 1919, peika eg på at det no var tider, då ikkje berre folk ute på bygdene klårt burde sjå kva verde ein sterk bondesamskipnad hadde, men ogso heile landet elles. Dersom det galdt i 1919, so gjeld det i endå større mun no. Det er ikkje nok at me hev eit bondestand, men dette bondefolket må
- 5 ogso vera ein intelligent og energisk fyregangsmann for livssynet sitt og meiningane sine og ein kraftig vaktar av vår gamle nedervde kultur. Det er ikkje nok at me hev ein samskipnad; men denne samskipnaden må ein og gjera sterk på denne måten, at landsbygdi fylkar seg um han og oppgåvone hans.
- 10 Me hadde eit bondestand ogso den gongen då Noregsveldet gjekk under, soleis som professor Oscar Albert Johnsen hev skildra for os i boki si «Noregsveldets undergang», som på ein merkeleg stutt og ihoptrengd, men takande og forvitneleg måte gjev eit ypparleg oversyn over alle dei faktorar, som førde til undergangen. Millom desse faktorane set professor Johnsen i fyrste rekkje det
- 15 sterke og einveldige konge- og embetsstyret, som kom i staden for det gamle, desentraliserte folkestyret og som tok til då kong Sverre sigra over Magnus Erlingsson og lendermannsaristokratiet, ein siger som førde til at dei store fellessakene åt staten og samfundet meir og meir gleid ut or folkemedvitet. Ein annan faktor var det djupe forfallet i jordbruket som folketapet i
- 20 Svartedaudetidi 1349-1371 valda. Fylgjone av denne aller myrkaste tidi me hev i vår folkesoga hev professor Hasund og skildra på ein grundig måte i boki si «Ikring mannedauden», serleg dei økonomiske. Ei sers vigtug orsak til attergangen og undergangen var ogso som professor Johnsen peikar på, at sjøforsvaret vårt forfall, og at handel og sjøfart kom på framande hender,
- 25 Hanseatane. Grunnlaget for det gamle sjøforsvaret åt Noreg var leidingsinndeilingi i skipreidor. I kvar skipreida skulde bøndene stella og greida ut so og so mange leidingsskip av den og den storleiken, og skipi var av desse

svære, opne drakeskipi av den gamle vikingetypen med mange årar um lag soleis
30 som me kjenner dei frå Oseberg- og Gogstadskipet. Men ute i Europa hadde dei
slutta med denne gamle typen og gjege over til koggen, eit sterkbygt,
snøggsiglande skip med høge bord og dekk, heilt overmann i strid.

I denne framvoksteren fylgde ikkje bøndene med, mykje godt av di det vanta
35 tiltak ovanfrå. Og med sjøforsvaret gjekk ogso handelen og skipsfarten vår
attende, og Hanseattidi tok til.

I det heile fær ein den tokknaden, at hovudgrunnen til at riket gjekk attende og
forfall, var at det berande standet i landet, bondestandet, ikkje lenger makta å
40 hevda seg korkje økonomisk eller åndeleg. Mange av førarane vart drepne eller
sette ut or spelet under kong Sverre, og Svartedauden øydde endå meir og førde
med seg forfall i jordbruket.

Det er ei gamal sanning som ein ikkje ofte nok kan minnast, og det er at saga
45 oftast tek seg oppatt av seg sjølv. Ho tek andre former, og det kan vera framsteg
på det eine eller det andre område, men su lenge menneskenaturen mykje godt
vert den same, so lenge vil ogso oppgang og nedgang, lukke og ulukke skifta
både hjå den einskilde og for heile folket. Og liksom hjå det einskilde mennesket
stend ogso lagnaden åt eit folk på det opplaget av livskraft, energi og vilje, som
50 det eig.

Det hev vore og er oppgåva åt Norges Bondelag å vekkja Noregs bønder til fullt
vitende um si stode og si oppgåve i folket vårt. No som fyrr kviler framtidi og
lukka åt landet på jordbruket og bondestandet.

55 Mange, svært mange, i våre dagar vil kanskje svara på dette: Ja, det kunde vera
sant nok i gamle dagar, men no hev me ein industri i snøgg framvokster, og me
hev den store skipsfarten vår og handelen. No er ikkje landet lenger so mykje
bunde av jordbruket sitt og av bondestandet sitt. Kvifor skal me då taka på oss
60 byrder for å driva dette vanskelege jordbruket vårt?

Ja, ein kan mest synast so, når me tenkjer på dei framtidsvonene som ligg i å
nytta ut dei mange millionar av hestekrefter i fossane våre, og når me les alle
framstegi innan industrien, og serleg fyre verdskrigen var det ogso langt på veg
65 til, at denne meiningi ogso skulde verta folket si. Verdskrigen gav oss ei åtvaring,
men det ser ut som den harde lærdomen han gav oss snart er gløymd att.

Der er komi ei onnor merkeleg bok til jol, ei bok full av paradoksar og mange
70 urimelege ting men ogso med mange nye og gode tankar. Det er «Den neste
stat» av Erling Winsnes. Knap nokon av våre agrarforfattarar hev i ei knappe
form eller med meir målande og sterke fargar skildra fylgjone av eit forsømt
jordbruk. Høyr berre:

75 «Setrene ligger forlatte, mange gårdsbruk er nedlagt, akker blir til eng, engen til
utmark. Det lønner sig ikke å drive jorden. Det norske folk overgår til annen
virksomhet.

Vårt land er ulendt, vår jord tungdrevet. Vi har tele, mager jord, sten,
80 frostnetter. I utlandet er der store flate sletter som kan overfares kilometervis
med motorploger og motorharver. Så nedlegger vi vårt jordbruk og hjemfører
maten utenfra og betaler med skog og industrivarer.»

«Men.

85 Om det var så, at det er vårt lands totale ulønnsomhet i smått og stort som er
kilden til vår begavelse, vår nasjonale vekst? Så måtte vi gjøre helt om, nære oss
av denne kilde, opta det ulønnsomme jordbruk og følge vår egen vei.» -
«Jordbruk er Norges rikdomskilde, det samler oss ikke skatter på jorden, men
90 skatter i vår begavelse, vår nasjonale kraft. Tilslutt vender det tilbake også i
jordisk velstand, vi vrir gullkorn ut av Norges fattige jord.»

«Finnes der nogen annen vei til vekst enn motgang? Var det ikke stormen, som
gav skibene linje? Og nordens vinter, som fødte nordens menneske?

95 Dette var vårens og ungdommens bud til oss, at vi skulde kjenne verden og
gjenopdage vårt eget. Det var den lengste og den tyngste vei, den eneste som er
vår livsånd verdig. Slit gir den for armen, men styrke i sinnet og evig glede for
baugen. Det er Nordens vei.»

100 Og boki sluttar med:

«Vår vei heter Nordveien, Norges vei.»

105 Erling Winsnes skal ha takk. Han hev i boki si gjeve oss nye tankar og det

- råkande ordet som er det sentrale i jordbruks- og bondearbeidet her i det nordlege og vanskelege landet vårt. Som adlar vårt yrke og gjer det umissande og verdfullt for landet, og som ogso skal setja sitt merke på samskipnaden vår. Endå
- 110 um me må vera usamde med han i mykje, m. a. i det range synet på kristendomen, som ender og då ter seg i boki hans, so skal me like fullt vera takksame for den hjelpi han hev gjeve oss, so mykje meir fordi ho kjem frå krinsar som til dessa hev [tala] imot oss, eller ikkje synt skynsemd.
- 115 Ogso han er i boki si mykje inne på tvikløyvingi i næringslivet vårt og som her er sterkare enn andre stader, både av di jordbruket vårt hev so mange vanskar å vinna over, og av di der er so gode utveggar og store voner på andre umkverve. Ein stor part av desse andre næringane, mykje av storindustrien vår, skipsfarten og utanrikshandelen vår sender greinene sine, renningar og stundom røter langt
- 120 utover landegrensone. Dei representerer det eg hev kalla den ytre lina åt landet i motsetnad til dei næringar som arbeider på den indre lina åt landet, her fyrst og fremst landbruket vårt. Desse linone finn me att i saga vår. Me kan berre hugsa på den vidgjetne mannjamningi i Snorre millom kongane Sigurd Jorsalfar og Eystein, denne mannjamningi som Bjørnson på ein meisterleg måte hev gjevi liv
- 125 i «Sigurd Jorsalfar».

- Desse gamle vikingane var ikkje av dei klenaste og veikaste karane våre, tvertum, og dei hundre tusen som fór frå oss i utvandringssåri i jordbrukskrisa, mykje av di landet vårt førde ein galen jordbrukspolitik, del var av den beste
- 130 ungdomskrafti vår. Og dei som på den ytre lina hev gjort Noregs namn kjent og æra eller stend som merkesmenn i storindustrien og skipsfarten, dei er av våre mest fortente menn. Men, som eg ogso fyrr hev sagt, alt det me hev vunne på den ytre lina, kan stå på spel, kan verta vår øydeleggjing, dersom me ikkje samlar oss um å halda den indre lina vår sterk og kraftig. Tyngdepunktet åt landet skal
- 135 liggja her heime, det skal ikkje flyta ikring på verdshavi, og dette skal ogso merkja landsstyret og uppsedingi av ungdomen vår. Der må vera ei sunn jamvekt.

- Og vilkåret for denne naudturvelege økonomiske og sosiale jamvekta er eit livssterkt jordbruksfolk og eit jordbruk som er liv laga.

- 140 Korleis er det no med den økonomiske jamvekta i landet vårt? Korleis er det med pengestellet åt staten? Det siste me hev høyrte er at berre for dei tire siste budgettår er det eit samla underskot på mest 300 millionar i tilskot til all den skuldi, som var fyrr. Og med kommunone er det likeins. Handelsjamvekta vår

med utlandet hev sidan krigen synt eit meir eller minder kjempestort underskot. Og næringane våre? Eg skal berre svara for jordbruket, og der veit me, at det med nokre einskilde, men lokale undantak hev vore ei rekkje vanskelege og harde år, underskotsår. Og skattane til stat og kommune ligg som ei mara over
150 landet og syg upp den lause kapitalen.

Det fyrste store spursmål for oss er korleis me skal få pengestellet og økonomien vår på rett kjøl att. Det hev vore oppgåva åt Norges Bondelag frå det vart skipa å arbeida for alt som kan fremja den eigne produksjonen åt landet. Og noko betre
155 grunnlag for økonomisk trivnad og framgang finst det vel ikkje. For å nemna eit par døme frå dette arbeidet: er det nokon som trur at det moderate tollvernet me fekk i 1897, eller for å taka eit døme frå nyare tid med den auken av egg- og kjøttollen, som me fekk i 1922 og som alt hev havt so framifrå verknad, er det noko som trur at me i det heile hadde fenge desse brigde utan arbeidet åt
160 Bondelaget? Eller trur nokon, at det hadde vore ei so pass stor interessa for kornavlen i landet dersom ikkje Bondelaget i 15 år hadde stræva med saki? Vonleg stend ho no framfor den endelege løysingi, vonleg kan me både biletleg og verkeleg sjå dei vakre ordi åt Winsnes gjorde til røyndom: «vi vrir gullkorn ut av Norges fattige jord.»

165 Men eg hev ofte ved so mange høve tala um denne sida av arbeidet åt Bondelaget. No er saki den at det ikkje berre er økonomi og pengestell som er kome ut av jamvekt av verknadene og etterverknadene frå verdskrigen saman med våre eigne mistak, men ogso menneskehugen er komen ut av jamvekt.
170 Gullstraumen, som strøymde attende, hev teke meir enn han gav, det som verre er, han hev risst vår tru og tillit til framtida, vår tru på den ævelege framgangen og trui på vår eigi evna til å løysa dei spursmåli, som livet kjem med til oss. Han førde med seg ein materialisme og ei njotingssykja, som trengde seg gjennom store lag av folket vårt, og gav mange låke frukter.

175 Og som ein annan og verre etterkrigssjukdom hev me ogso fenge kommunismen eller bolsjevismen.

Den svenske diktaren Heidenstam skreiv ein gong: «I min ungdom tenkte eg
180 meg vegane åt desse ramaste fyregangsmennene som bratte fjellvegar, der heilage fanor blakra, og der berre dei få utvalde, dei fremste i folket, kunde vandra upp utan å svimra. I dei dagar skimta ein mest den apostoliske skapnaden åt Tolstoi der.

No gjeng der ein sundkøyrd og grå landeveg, som snart ingen reinsleg mann vil setja foten sin på.»

Men på denne grå, sundkøyrde landevegen er ein lut av det norske folket i dag.
 190 Kommunismen hev sett seg til mål å velta det samfundet me hev i dag,
 øydeleggja det som me og fedrane våre hev bygt og verna um i tusen år.

Norges Bondelag hev i programmet sitt og heile arbeidet sitt på det kvassaste
 sagt frå, at det ikkje vil ha noko med det som er målet og midlane åt
 195 kommunismen.

I det samansette notidssamfundet vårt må ei rørsle, som medar på å gjera
 innverknad femna over eit sers stort område, og den bondereisingi, som Norges
 Bondelag arbeider for, og som me no ser som ei veksande makt i samfundet vårt,
 200 kan ikkje ha, og hev heller ikkje berre økonomiske og materielle oppgåvor. Eller
 som Lars Eskeland nyleg skreiv: «Det er mest utrulegt at gode folk ikkje kan sjå,
 at bondereisingi hev ei åndssida.» Fyremålet med menneskelivet, det som skil
 oss frå dyri, skulde då vera å skapa dei best mogelege vilkåri for ånds- og
 sjelelivet. Og då sjel og lekam her på jordi høyrer saman, so treng ikkje det å syta
 205 for den lekamlege trongen og det lekamlege velveret å stå i motsetnad til
 åndslivet. Eit økonomisk nedkuva bondefolk vil ha vanskeleg for å hevda seg og
 vanskeleg for å få tid og krefter til å fremja åndslivet. Det er berre når hugen og
 arbeidet for den lekamlege trongen og for njotingi og hugnaden i livet vert det
 viktigaste og einaste, at me fær det me kallar materialisme. Ei bondereising, som
 210 berre vilde arbeida på å skaffa auka jordbruksproduksjon til gode prisar, vilde gå
 utanum ei viktig side av oppgåva. I arbeidet vårt må me setja oss høge åndelege
 mål: det skal vera ein idealisme.

Vegen vår heiter nordvegen, Noregs veg. Det er den lengste og tyngste vegen,
 215 den einaste som er verdig for livsåndi vår. Slit gjev han for armen, men styrke i
 hugen og æveleg gleda for bogen. Finst det nokon annan veg til vokster enn
 motgang?

Men motgangen kan ogso verta for tung, byrda for stor. Det var ytre og indre
 220 fårar i samband med alle dei vanskar som vårt eige landslag legg i vegen for oss
 som maktstal oss i dei dagar og år, då Noregsveldet gjekk under.

Lat ikkje soga taka seg uppatt. Ogso no hev me ytre og indre fårar å strida imot.
225 Det er ikkje nok at me liksom i Hanseattidi fører «munngodt» og billeg mat til
landet. Maten skal me mest mogeleg vrida ut av vår eigi fatige jord. Me må ikkje
lata pengestell og ring økonomi øydeleggja oss slik at me vert skatteskuldige
under utanlands storkapital og hjelpelause til å nytta ut våre eigne herlegdomar
eller stå på eigne bein. Og me må ikkje lata korkje den sterke materialismen eller
230 smitten frå Moskva som ein annan pest suga idealismen ut or ungdomen vår og
låma krafti åt folket vårt.

Ei sterk bondereising, ein sterk og målmedviten bondesamskipnad må me ha.
Og eg trur nok ogso at Norges Bondelag i verksemd i si hev synt, at denne
235 bondereisingi ikkje berre hev dei store praktiske oppgåvone men ogso si
åndssida. Men lat det koma sterkare fram! Det som var kjerna og styrken i den
mektige Grundtvigske ungdomsrørsla var just det at ho ved å gjeva arbeidet ånd
skapte og skaper karakter, vilje og arbeidshug. Skulde eg samanlikna ho med ei
rørsla her heime måtte det verta med den religiøse rørsla som den geniale
240 åndskjempa Hans Nilsen Hauge var førar for og som visseleg var ei sterkare
orsak til den materielle og økonomiske oppgangen i tidi etter 1814 enn ho enno
hev fenge ord for å vera.

Det er meir og meir eit nytt og eit felles livssyn, som gjennom arbeid år etter år
245 hev samla oss i Norges Bondelag, bønder frå sud og nord, vest og aust. Og dette
arbeidet skal som me segjer i programmet vårt, taka kraft og farge av vår
nasjonale kultur og våre tradisjonar. Og me trur ogso, at utan åndi åt
kristendomen kan ikkje dei store kulturelle verdi byggjast vidare til gagn for
folket vårt og til sams gagn for menneskja.

250

Kilde

Johan E. Mellbye: Eit ord for dagen - tale ved bygdemøta den 7. febr. 1925. Oslo 1925, s. 2-8

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/eit-ord-for-dagen>

255

260